

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 02.06.20

Til stades: Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Siri Fidjeland og Eva Marianne Tennfjord

Sak 7/20: Gjennomførde og komande aktivitetar

- a) Digitalt fylkesårsmøte - der Solveig Marie og Åse-Berit avga røyster på nettet, og der Åse-Berit var ei av dei som skreiv under protokollen (og las litt korrektur...). Røystealternativa var noko ufullstendige, der ein kunne kryssa av for anten to medlemmar eller ingen, men ikkje for ein av to alternativ.
- b) Det var elleve (11) påmelde til den avlyste teaterturen på *Vaffelhjarte* til Egersund 23. mars
- c) Basaren saman med Sirdal sau og geit er utsett på ubestemt tid. Nytt tidspunkt blir bestemt av arbeidsgruppa.
- d) Bilkinoen 27. mars var veldig populær, sjølv om det var litt for lyst i finvêret, så han kunne ha starta seinare enn 19.00. Det vart for lyst til å gjenta suksessen denne våren. Alt vart gjort på dugnad, òg av ikkje-medlemmer i SBK, og etter korona-restriksjonar. Godt jobba av initiativtakar Helin!
- e) Blometuren vart avlyst pga. koronasituasjonen
- f) Sommaravslutning vert på Fjellstua 12. juni kl. 19.00.
Anita har ansvar for plakat, påmelding (innan 10.06) og kontakt med Fjellstua. Arrangementet er ope for alle interesserte, og medlemmene betalar kr. 150,-.
- g) Me nyttar gåva frå Sirdal bondelag til transport til temakvelden på Norspinn og B20 25. september.
- h) Me bør melda oss på KvinnerUT - meistring og kompetanse, og Åse-Berit kontaktar Gry Iren Josdal i vaksenopplæringa. Me kan t.d. vera på Tonstad skule, og aktuelle tema kan vera mat og ernæring, saum, hage, måling (Torill Tjørhom eller Gudrun Kristine Ovedal), strikking, hekling, lesesirkel og datakurs.

Det bør vera eit oppstartsmøte før sommarferien, der minst fem (5) minoritetskvinner deltek.

- g) Bli kjend i bygda-turane har vore veldig, veldig kjekke, og ein vonar oppmøtet held fram. Gruppa har planlagt avslutning på Slottet med smaksprøver av Sirdalsmat og der Torfinn Nasset kanskje kan fortelja om planane om restaurant. Hugs at turane òg er for menn, dvs. for alle innbuarar!

Sak 8/20: Nye innbuarar

Rebekka Andersen og mannen Fredrik i Omlid og Jorunn og Eirik Pettersen på Stølsro får besøk av Tone, medan Solveig Marie besøkjer Gunnar Leistad i Suleskard og Åse-Berit besøkjer Frøydis Østtveit Kvinen og Florian Sandfurt på Runtleneset.

Sak 9/20: Landsmøtet 20. juni 2020

Solveig Marie reiser til Oslo som delegat, for det er tre fylke som er usamde med valkomiteen sitt forslag til ny leiar. Det er svært få som kjenner til den leiaren som er føreslått, så desse fylka vil føreslå både ny leiar og nestleiar, sistnemnde Unni Skadsem.

NBK vil halda fram med Ung30, som tyder halv kontingent til alle under 30 år.

Sak 10/20: Anna

Åse-Berit ordnar ei oppmuntring til Eva etter planlagt operasjon.